

Dei yngste innsette har dårlegast skulebakgrunn

Ei ny undersøking syner at det er innsette under 25 år som har den svakaste utdanningsbakgrunnen.

Undersøkinga om utdanning hos innsette i norske fengsel er gjennomført på oppdrag frå UFD og Fylkesmannen i Hordaland. Det er dei to fagmiljøa Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen og Eikeland forskning og undervising som har gjennomført denne kartlegginga av utdanningsbakgrunn og utdanningsbehov hos innsette i norske fengsel. Undersøkinga femner om alle innsette over 18 år og er den mest omfattande undersøkinga i sitt slag til no.

Dess yngre innsette, dess dårlegare utdanning

Ein av konklusjonane i undersøkinga er at dei yngste innsette har svakast skolebakgrunn.

Omlag halvparten (49 %) av den totale fangepopulasjonen i norske fengsel manglar vidaregåande opplæring av noko slag, men i gruppa innsette under 25 år er heile 65 prosent utan vidaregåande utdanning.

Til samanlikning opplyser Statistisk Sentralbyrå at 74 prosent av årskullet 1997 fullførte vidaregåande opplæring innan 2002. Mens 7,6 prosent av alle dei innsette ikkje har fullført grunnskolen (ungdomsskole eller folkeskole), er prosenttalet høgare for innsette under 25 år. I denne gruppa er det 10,7 prosent som manglar utdanning på grunnskolenivå.

65 prosent av dei innsette har minst eitt framtidig utdanningsønske. Det må eit krafttak til for at straffedømde skal nærma seg utdanningsnivået i resten av samfunnet.

Opplæring i fengsel

Ikkje alle norske fengsel har eit skoletilbod. Eitt interessant funn i undersøkinga er at av dei som sonar i fengsel med skoletilbod, ønskjer 70 prosent å ta meir utdanning. Det tilsvarande talet er 50 prosent for innsette i fengsel utan skoletilbod.

Det går også fram av undersøkinga at blant dei som sonar i fengsel utan skole, finst det heile 37,6 prosent som ikkje har fullført noko form for vidaregåande opplæring.

Eit sterkt samfunnsøkonomisk resultat

Skole og utdanning er utan tvil den ressursen som legg det beste grunnlaget for å klara seg i arbeid og soning. I ein rapport frå Socialstyrelsen i Sverige. "Med arbete som

innsats, klienteffekter och samhällsekonomisk lönsamhet i socialt arbete" (2002), blei det rekna ut at for kvar krone som er satsa på samarbeidsprosjekt mellom kriminalomsorg, arbeidsformidling og sosialetaten, får samfunnet tilbake mellom 10 og 15 kroner.

Det er professor Terje Manger, Institutt for samfunnspsykologi ved Universitetet i Bergen og Ole-Johan Eikeland, Eikeland forskning og undervising, som har skrive rapporten. For meir informasjon, ta kontakt med professor Manger (55582499/56374024)



Professor Terje Manger har stått for undersøkelsen. NB! Han deler ut kopier av foredraget.